

Gunvald deltek for 29. gongen!

01.10.2010



Gunvald Friheim deltek for 29. gongen (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag og sundag skal det 29. Kvinnheradløpet avviklast og ein uskedeling er superveteran: **Gunvald Friheim** (73) fortel til uskedalen.no at han går den 9,2 kilometer lange runden både under skulearrangementet i føremiddag og sjølv løpet .

Og Gunvald har vore med i samtlige 28 løp som er avvikla til no.

Ein annan uskedeling som snart må kallast veteran i denne samanhengen er Oddbjørn Kroka. Han ligg an til å sikra seg tjueårsmerket. Det er i det heile grunn til å tru på eit rikeleg innslag av uskedelingar i arrangementet

også dette året.

Kåre Eik i turgruppa til Rosendal Turlag lokkar igjen med ein fin tur gjennom vakker natur i fleire høgdelag. Eik vonar at joggebølga som aukar i omfang internasjonalt skal gje utslag i Rosendal også. Deltakar-rekorden vart sett i 1990 då 975 var med - i fjer vart 700 passert imindre bra ver.

Deltakinga i konkurranseklassen i fjer var ikkje imponerende - berre 30 stilte i den medan 183 var med i rekordåret. Det kjem sikkert fleire i år. For rørslehemma og andre som tykkjer hovudløypa blir i lengste laget er det også i år ei alternativ løype på 5 kilometer.

Alle som fullfører er med i trekkinga av gavekort og dei som set løyperekord får pengepremiar.
Og i føremiddag klokka 12 spring ungdomsskule-elevane for dei flaumramma i Pakistan.

Av Ola Matti Mathisen



Det var med 230 deltakarar frå 3 skular i føremiddag, også Omvikdalen oppvekstsenter. (Foto: Kvinnheringen)